

# TERMPOSTEN


Nr. 2  
august 2012

NYHEITSBREV  
FRÅ SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

## INNHALD:

---

<a href="#"><u>Redaksjonens vindauge</u></a>	2
<a href="#"><u>Sidan sist</u></a>	2
<a href="#"><u>Nyheiter</u></a>	3
<a href="#"><u>Visste du at? Om Termdist</u></a>	3
<a href="#"><u>På kornet – portrettintervju med Johan Myking</u></a>	4
<a href="#"><u>Aktuell term: Higgs-partikkel</u></a>	4
<a href="#"><u>Spørsmål og svar 1: lidelse eller forstyrrelse?</u></a>	5
<a href="#"><u>Spørsmål og svar 2: komité eller kommisjon?</u></a>	5
<a href="#"><u>Lesarhjørnet</u></a>	5
<a href="#"><u>Terminologgen</u></a>	6
<a href="#"><u>Nokre komande arrangement</u></a>	6



## Redaksjonens vindauge

Så er det snart haust att. Tida går fort, ikkje minst når ein planlegg eit stort arrangement og må tenkje på alt mogleg i den samanhengen. Det aktuelle arrangementet er det sjette europeiske og internasjonale terminologitoppmøtet som går av stabelen i Oslo i midten av oktober i år, i regi av terminologitenesta og Den europeiske terminologiforeininga. Dei som ikkje har oppdaga arrangementet enno, kan lese om det på siste sida i denne utgåva av *Term-posten*. I tillegg til toppmøtet byr vi på eit nasjonalt, grunnleggjande kurs i terminologi og eit internasjonalt arbeidsseminar om termdatabasar. Fristen for påmelding til toppmøte og seminar er 15. september, for kurset 28. september.

Nokre av lesarane har sikkert høyrte om NOT-basen, som vart fylt med norsk oljeterminologi på 1970- og 1980-tallet. Basen var til-



gjengeleg på nettet i mange år, men er no fjerna. Terminologitenesta vil til hausten freiste å ”redde” materialet for ettertida.

## Sidan sist

### EURALEX 2012

Den internasjonale leksikografikonferansen EURALEX 2012 ble arrangert 7.–11. august ved Universitetet i Oslo. Innleggsholdere presenterte forskningsprosjekter innen både leksikografi og terminologi.

Flere av innleggene tok for seg utfordringer knyttet til termekserpering og oppbygging av termbaser. Deltakerne fikk høre flere presentasjoner om termbasen EcoLexicon, som er utviklet ved Universitetet i Granada, og som inneholder over 17 000 miljøtermer på flere språk. Andre presentasjoner tok opp temaer som fraser og såkalte kollokasjoner innen terminologi, og ett innlegg tok også for seg hvordan ulike sjangrer innen et fagfelt kan føre til danning av ulike termer for samme begrep.

Det var også interessant å høre om pågående prosjekter om

akademisk fagspråk. Gøteborgs universitet arbeider med å utvikle akademiske ordlister på svensk. Et skandinavisk samarbeidsprosjekt skal også utvikle en felles tekstsamling for å forske på akademisk fagspråk innen flere disipliner.

Neste EURALEX-konferanse vil bli arrangert i Italia om to år.

### Rapport fra Nordterm 2011

Konferanserapporten fra Nordterm 2011 er nå kommet. Konferansen ble arrangert i Vasa i Finland 7.–11. juni 2011. Konferansen inneholdt blant annet et todagers symposium med temaet *Samarbetet ger resultat: från begreppskaos til överenskomna termer*.

Rapporten inneholder artikler basert på symposieforedragene. Norge var representert med flere foredrag fra Språkrådet, Kystverket, Universitetet i Bergen og Norges handelshøgskole.

Kystverket presenterte sitt arbeid med terminologi for akutt forurensning. Språkrådet presenterte terminologitjenesten, termbasen SNORRE og to undersøkelser om resepsjon av fagterminologi, i tillegg til en ny norsk-russisk juridisk ordbok. Fra NHH var det to foredrag, ett om juridisk terminologi og ett om finansterminologi. I tillegg presenterte Trude Bukve fra UiB sitt mastergradsprosjekt om finansterminologi i undervisning. Denne masteroppgaven er nå levert.

Du finner mer informasjon om Nordterm og om rapporten på [www.nordterm.net](http://www.nordterm.net). Rapporten er også publisert på nett: <http://www.nordterm.net/filer/publikasjoner/rapporter/Nordterm17.pdf>.

Neste Nordterm-konferanse blir arrangert i Stockholm 17.–20. juni 2013.

## Nyheiter

## Nordiske UH-termer

Universitets- og høskolerådet står bak en termbase med administrative termer for UH-sektoren fra bokmål og nynorsk til engelsk på hhv. <http://termbase.uhr.no/> og <http://termbase.uhr.no/nn/>.

Högskoleverket i Sverige står bak en tilsvarende base mellom svensk og engelsk. Denne basen finner du på <http://www.hsv.se/densvenskahogskolan/svenskengelskordbok>.

## Språkstatus 2012

I juni la Språkrådet fram sin årlege rapport Språkstatus, som tek for seg tilstanden for språk og språkbruk på ulike samfunnsområde. I Språkstatus 2012 kan du mellom anna lese at skepsisen til reklame på engelsk aukar, at Språkrådet stadig får fleire klagar på brot på mållova og om stoda for norsk fagspråk og terminologi.

Du finn rapporten på [nettsidene til Språkrådet](#).

## Danskene vil styrke dansken

Dansk Sprognævns språkstatus, Sprogstatus 2012 kom i juni. Dette er et notat om utviklingen i bruk av dansk. Her anbefaler Dansk Sprognævn at det opprettes en flerspråklig termbank der faguttrykk med definisjoner registreres og gjøres tilgjengelig for alle.

Les mer på <http://dsn.dk/nyt/nyheder/2012/dansk-sprogstatus-2012>.

## Spørreundersøkelse

Terminologitjenesten fikk i desember 2011 utført en spørreundersøkelse om terminologiarbeid i privat sektor. Resultatene er ikke statistisk pålitelige, men antyder en svak tendens på området. Ikke uventet var oversettelsesbransjen blant dem som arbeider systematisk på området. Undersøkelsen kan leses [her](#). I årets *Språknytt* nr. 3, som snart kommer ut, er det en artikkel om undersøkelsen.

## Electropedia

I mai vart det lansert 1 000 elektrotekniske termar på norsk i den internasjonale databasen [Electropedia](#), som Den internasjonale elektrotekniske standardiseringsorganisasjon IEC eig. Termane er frå eit samarbeid mellom Norsk elektroteknisk komité (NEK) og Språkrådet. Dei er å finne på bokmål og nynorsk under *Electropedias* "subject fields" 195, 426, 448, 461, 466, 471 og 826. Sjå her [øg](#).

## Doktorgrad i terminologi

Ole Våge, rådgjevar i terminologitjenesten, har teke doktorgraden på tverrfaglege omgrep i akvakultur. I doktoravhandlinga si analyserte Ole Våge 114 omgrep frå fagfeltet akvakultur for å diskutere fenomenet tverrfaglegheit frå ein terminologisk ståstad. Våge disputerte den 16. mars.

Du kan lese meir på [Språkrådets nettsider](#).

Visste du at? Om *Termdist* – nordisk kurs i terminologi

*Termdist* er et nordisk nettverk for nettbasert undervisning i terminologi. Norges handelshøgskole representerer Norge i dette nettverket.

Kurset i terminologi skal gi studentene en god forståelse av terminologi som redskap for å fremme effektiv faglig kommunikasjon. Studentene lærer å anvende terminologiske prinsipper og metoder, å analysere og systematisere begreper, å identifisere og vurdere begreper og termer i tekster samt å vurdere og utarbeide definisjoner.

Kurset er nyttig for blant annet kunnskapsformidlere, oversettere, kommunikasjonsmedarbeidere og tekniske forfattere.

Kurset gir 7,5 studiepoeng og går over 11 uker. Det er utelukkende nettbasert, det er altså ingen fysiske samlinger i løpet av kursperioden.

Du finner mer informasjon om *Termdist* på <http://www.nhh.no/no/nhh-executive/andre-studier/termdist.aspx>.



## På kornet – portrettintervju med Johan Myking

Johan Myking er professor i nordisk og instituttleiar ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen. Han har òg vore leiar i Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk.

### Kva er det beste med jobben din?

Stor og variert kontakt med mange og ulike menneske. Akkurat no litt for lite kontakt med studentar og fag.

### Kva for utdanning har du etter vidaregåande skule?

Cand.philol. frå Universitetet i Bergen med nordisk hovudfag, fransk og samfunnskunnskap. Og i godt vaksen alder ein doktorgrad om terminologi, frå Vasa universitet.



### Kva var favorittfaget ditt på barneskulen?

Det var nok noregssoga og landkunna og slike ting.

### Kvifor er arbeidet med terminologi viktig?

Det handlar om å sikra at norsk språk er eit fullgodt bruksspråk på alle område av samfunnslivet, med god kontaktflate til den internasjonale kunnskapen.

I dag er det særleg strategisk viktig å få i gang systematisk terminologiutvikling på universitets- og høgskulesektoren, som er upløgdmark.

### Om du kunne velje eit anna yrke, kva for eit og kvifor?

Det ser moro ut å vera elektriskar, men ikkje be meg forklara Ohms lov.

### Kva les du helst på fritida?

Litt romanar, mykje biografiar og altfor mykje krim.

### Kva er din favoritterm?

Då vi pussa opp badet vårt, monterte røyrleggjaren ein "sildremikk" på enden av røyrret ned frå fordelarskåpet. Genialt uttrykk, lett å forstå og lydleg godt!

## Aktuell term: *Higgs-partikkel*

I byrjinga av juli kom nyheita som mange fysikarar har venta på i fleire tiår. Endeleg vart eksistensen av den såkalla higgspartikkelen stadfesta. Higgspartikkelen har vore ein hypotetisk elementærpartikkel som langt på veg har utgjort ein føresetnad for masse i universet.

Termen er bygd opp av to delar, *higgs* og *partikkel*. *Partikkel* kjem frå det latinske *particula*, ei diminutivform av *pars*, som tyder del. Førstelekkjen, *higgs*, kjem av Peter Higgs, ein britisk vitenskapsmann som sette fram det teoretiske grunnlaget for denne partikkelen allereie i 1964. Termen er difor det språkvitarar kallar for eponym, eit slags oppkallingsnamn.

Det vert også nytta eit synonym til denne termen, nemleg *Higgs-boson*. Dette er eit dobbelt eponym. Boson er ein slags partikkel og er oppkalla etter

den indiske fysikaren Satyendra Nath Bose. Oppkallinga heidrar oppdagingane han gjorde i samband med utviklinga av kvantemekanikken i 1920-åra.

Bruken av eponym i termdanning er ikkje uvanleg. Vi kjenner dei att i mange fagfelt, som t.d. *wankelmotor* (motorindustri), *Phillips kurve* (økonomi), *Alzheimers sjukdom* (medisin), *Halleys komet* (astronomi), *Moores lov* (it), *thortveititt* (mineralogi, etter nordmannen Olaus Thortveit) og *gallup* (samfunnsfag).

Legg merke til at vi nyttar liten bokstav ved samanskriving og stor førstebokstav i personnamnet når vi nyttar bindestrek. Vi kan altså skrive *higgspartikkel* og *Higgs-partikkel*.

Spørsmål og svar 1: *lidelse* eller *forstyrrelse*?

Det engelske ordet "disorders" oversettes ofte til *lidelser* på norsk, men også til *forstyrrelser*. Har dere kjennskap til bakgrunnen for innføringen av ordet *lidelse* innen psykiatri på norsk?

Både *psykisk lidelse* og *psykisk forstyrrelse* brukes på norsk. Søk hos Nasjonalbiblioteket gir treff på *psykiske lidelser* tilbake til 1889. *Psykiske forstyrrelser* gir treff fra 1865. Antall treff er imidlertid svært forskjellig. *Psykiske lidelser* gir 17 845 treff, mens *psykiske forstyrrelser* bare gir 2027 treff.

I Universitetsforlagets *Store medisinske ordbok* fra 1998 er *psykisk forstyrrelse* oppslagsord, mens i Magne Nylennas *Medisinsk ordbok* fra 2009 er *psykisk lidelse* oppslagsord, så ordbøkene spriker.

Begge variantene har tydeligvis blitt brukt om hverandre lenge. Det er vanskelig å si hvorfor det er slik og hva som er bakgrunnen for de to variantene. Men det ser altså ut til at de dukket opp på samme tid, så det er lang tradisjon for begge. Ser man på hvor mye brukt de er, kan det se ut til at *lidelse* i stor grad er den foretrukne varianten.

Spørsmål og svar 2: *komité* eller *kommisjon*?

Det er mykje snakk om *komité* og *kommisjon* no. Kva er egentleg skilnaden mellom desse to omgrepa?

I *Nynorskordboka* vert *komité* forklart som 'utval som førebur, granskar saker' medan *kommisjon* kan ha tydinga 'nemnd, utval med eit særskilt oppdrag'. *Store norske leksikon* forklarar *komité* som 'et utvalg av en forsamlings medlemmer, som på dennes vegne overdras visse verv, oftest av forberedende eller utredende karakter'. Dette kan tyde på at *komité* ofte vert nytta om ei gruppe av personar som er vald ut av ei større forsamling for å førebu eller granske ei sak. 22. juli-komiteen stemmer overeins med dette, sidan det dreier seg om eit utval personar frå Stortinget. Ein *kommisjon* kan vere sett saman av personar utan at desse har opphav i ei felles forsamling. Desse skal gjerne granske eit sakstilhøve og sit saman for ei avgrensa periode. Medlemmane i 22. juli-kommisjonen gjorde nettopp det. Likevel finn vi fleire unntak frå dette skiljet, som t.d. 17. mai-komité.

## Lesarhjørnet

I førre utgåva av Termposten spurde vi om skilnaden mellom *referat* og *protokoll* og mellom *ta til orientering* og *ta til etterretning*.

Ein innsendar meiner at ein viktig skilnad er at ein protokoll gjev att vedtak frå møtet, medan referatet også gjev att de-

batten. Ein annan lesar skriv at referat er mindre forpliktande, medan protokollar har ein juridisk funksjon mellom partar.

Skilnaden mellom *ta til orientering* og *ta til etterretning* er nok uklår for mange. Ein innsendar peiker på at eit organ som tek noko til orientering, uttrykkjer

at dei har kjennskap til saka. Eit organ som tek noko til etterretning, seier i tillegg at dei aksepterer saka. Språkrådet har tidlegare svart på [dette spørsmålet](#).

Til neste nummer: Favoritt-terminen til Johan Myking (intervjuet på side 4) er *sildremikk*. Kva i all verda er det?

## TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre: [www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Kalender/](http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Kalender/).

### Nokre komande arrangement

Det sjette europeiske og internasjonale terminologitoppmøtet i rekken blir denne gang arrangert av Språkrådet, i samarbeid med Den europeiske terminologiforening (EAFI). Toppmøtet finner sted torsdag 11. og fredag 12. oktober i år på Soria Moria hotell og konferansesenter øverst i Holmenkollåsen i utkanten av Oslo. Dagen før, onsdag 10. oktober, blir det samme sted arrangert et internasjonalt arbeidsseminar om nasjonale termbankar og et nasjonalt grunnleggjende terminologikurs. Arbeidsseminaret er åpent for alle og gratis for dem har meldt seg på toppmøtet. Torsdag ettermiddag er det et sosialt program, og samme kveld er det festmiddag på konferansestedet. Toppmøtet avsluttes fredag ettermiddag med utdeling av de to internasjonale terminologiprisene. Direkte deretter avholdes EAFI's generalforsamling. Toppmøtet er åpent for alle interesserte. Engelsk og fransk er konferansespråk for toppmøtet, og det blir tolking mellom de to språkene begge dagar.

Det er laget [egne nettsider for toppmøtet](#), og der finner du all den informasjon du behøver. Legg merke til at påmeldingsfristen nå er satt til 15. september.

Det førnemnde terminologikurset er no ope for påmelding. Det er gratis for deltakarane. Kurset er i ferd med å bli fullteikna, så det gjeld å skunde seg! Les meir om kurset [her](#).

Terminologitenesta og Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk planlegg å skipe til eit seminar i slutten av november om terminologiarbeid i nokre bransjar i privat sektor. Det vil m.a. dreie seg om finans- og petroleumssektoren. Seminaret vil bli arrangert i Stavanger. Utgangspunktet vil m.a. vere den spørjeundersøkinga som er omtalt på side 3. Seminaret er ikkje ope, men ein kan melde interesse til [term@sprakradet.no](mailto:term@sprakradet.no).

#### SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

*Postadresse:*  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 OSLO

*Besøksadresse:*  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50  
Telefaks: 22 54 19 51  
E-post: [term@sprakradet.no](mailto:term@sprakradet.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

**Språkrådet**

RIKTIGE TERMAR GIR GODT  
FAGSPRÅK

Terminologitenesta er ein del av Språkrådet og har tre rådgjevarar i full stilling. Tenesta har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Tenesta samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Ho skal på arbeidsområdet sitt

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

<http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/>

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. Du kan lese meir om *Termlosen* [her](#).